



**Notat**

Dato: 02.11.2017  
Arkivsak: 2017/13527-7  
Saksbehandlar: talhals

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Tilsegn til hurtigladeinfrastruktur 2017**

Hordaland fylkeskommune lyste 30.06.2017 ut program for støtte til hurtigladeinfrastruktur for 2017 med søknadsfrist 29.09. Utlysinga er del av tiltak «Infrastruktur for låg- og nullutsleppskøyretøy» i Klimaplanens handlingsprogram, der det var sett av 3 430 000 kr. i 2017. Programmet hadde tre delprogram utforma for å komplettere dei tilgjengelege støtteordningane frå Enova. I år støtta Hordaland fylkeskommune etablering av ladestasjonar med følgjande delutlysingar:

1. Hurtigladetilbod i utvalde kommunar: Indre Arna, Øygarden, Sund, Sveio, Fitjar, Granvin og Modalen.
2. Utviding av utvalde eksisterande stasjonar langs definerte nasjonale transportkorridorar i fylket, utanfor Bergen kommune: E39, E16, E134, RV13.
3. Hurtigladetilbod på eksisterande energistasjonar, dvs. bensinstasjonar og eksisterande hurtigladestasjonar.

Programmet hadde to søkerar som sökte om totalt 6.830.000 kr. Grunna mindre omdisponeringar vart det tildelt tilsegn om tilskot til 3.730.000 kr. fordelt på 27 hurtigladestasjonar på 15 lokasjonar i 13 kommunar. Med dette vil alle kommunane i fylket, med unntak av Fedje, få eit hurtigladetilbod. I tillegg vil kapasiteten på fleire eksisterande stasjonar bli betre. Større og fleire stasjonar gir mindre risiko for at ladekø og at ein ikkje får lada pga feil ved einskilde stasjonar.

Utbygging av lade- og fylleinstrastruktur er avgjerande for vidare innfasing av nullutsleppsbilar og naudsynt for å redusere den største utsleppskjelda for klimagassar utafor kvotepliktig sektor. Fram til Hordaland fylkeskommune starta å støtte utbygging av hurtigladadarar var elbilandelen i Hordaland på landsgjennomsnittet, mens andelen etter har vore høgast i landet. Utbygginga av ladeinfrastruktur må halde fram i takt med auke i talet på elbilar for å gjere elbilar til eit naturleg val for bilkjøparar i Hordaland.

Fordelinga av tilskot etter konkuransen gir 27 nye hurtigladestasjonar i Hordaland og aukar totalt talet på hurtigladestasjonar i fylket med om lag 1/3. Tilskota utløyser investeringar på totalt 15 mill.kr.

Lokasjon	Tal på hurtigladestasjoner	Operatør
Granvin herad	2	BKK
Voss sentrum, Voss kommune	6	BKK
Eidfjord sentrum (utviding), Eidfjord kommune	2	BKK
Kinsarvik (utviding), Ullensvang herad	1	BKK
Jondal (utviding), Jondal kommune	1	BKK
Ulvik (utviding), Ulvik herad	1	BKK
Ostereidet, Lindås kommune	2	BKK
Øyrane Torg, Indre Arna, Bergen kommune	2	Fortum Charge & Drive
Tjeldstø, Øygarden kommune	2	Fortum Charge & Drive
Klokkarvik/Skogsvåg, Sund kommune	1	Fortum Charge & Drive
Fitjar sentrum, Fitjar kommune	1	Fortum Charge & Drive
Sveio sentrum, Sveio kommune	1	Fortum Charge & Drive
Mo, Modalen kommune	1	Fortum Charge & Drive
Skulestadmo (utviding), Voss kommune	2	Fortum Charge & Drive
Loddefjord, Bergen kommune	2	Fortum Charge & Drive
<b>Sum hurtigladestasjoner</b>	<b>27</b>	

#### Tilskot til normalladestasjoner

Det er lytt ut tilskot til å etablere normalladetilbod i kommunane. Det er løyvd totalt 795 000 kr til totalt 53 normalladepunkt fordelt på 14 lokasjonar i fem kommunar:

Kommune	Tal på ladepunkt
Askøy	6
Os	11
Radøy	2
Osterøy	18
Fjell	16

Vi har også motteke søknadar om normallading for kommunale tenestebilar i Bergen, Kvinnherad, Tysnes og Fjell. Desse er ikkje handsama per dags dato.